



Arkivnr: 2016/34166-5  
Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		30.05.2017

## Klagesak -Klage på avslag på søknad om tilskot til YOU-messa i Nordhordland

### Samandrag

Den 4.november 2016 søkte Nordhordland utviklingsselskap IKS om 40 000kr for å gjennomføre YOU-messa i Nordhordland som er ei utdanningsmesse. Det var 14.gong at messa vart arrangert. Søknaden om YOU-messa i Nordhordland 2016 vart avslått. Avslag på søknaden blei sendt til søkjar 14.11.2016.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS klaga på avslaget i brev datert 1.desember 2016. Klaga er såleis framsett innan klagefristen, og er rettidig.

Fylkesdirektør regional utvikling har vurdert klaga og finn å oppretthalda sitt avslag på søknaden.

Fylkesrådmannen har vurdert saka og klaga og finn å rå til at klage frå Nordhordland utviklingsselskap IKS på vedtak om avslag på søknad om 40 000kr for å gjennomføre YOU-messa i Nordhordland ikkje vert teken til følgje.

Klage frå Nordhordland utviklingsselskap IKS på vedtak om avslag på søknad om 40 000kr for å gjennomføre YOU-messa i Nordhordland vert ikkje teken til følgje.

klage frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS på avslag på søknad om tilskot til YOU-messa i Nordhordland 2016 ikkje vert teken til følgje.

### Forslag til vedtak

Klage frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS på avslag på søknad om tilskot til YOU-messa i Nordhordland 2016 vert ikkje teken til følgje.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 26.04.2017****Bakgrunn.**

Den 4.november 2016 søkte Nordhordland utviklingselskap IKS om kr. 40 000 for å gjennomføre YOU-messa i Nordhordland som er ei utdanningsmesse. Det var 14.gong at messa vart arrangert. Søknaden om støtte til YOU-messa i Nordhordland 2016 vart avslått. Avslag på søknaden blei sendt til søker 14.11.2016.

Nordhordland Utviklingselskap IKS klaga på avslaget i brev datert 1.desember 2016. Klaga er såleis framsett innan klagefristen, og er rettidig.

Fylkesdirektør regional utvikling har vurdert klaga og finn å oppretthalda sitt avslag på søknaden.

Saka er sendt over til klagenemnda for avgjerd.

**Rettsleg grunnlag.**Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler

## § 7.Overordnede tildelingskriterier.

Det kan søkes om tilskudd til prosjekter/tiltak som oppfyller følgende kriterier:

- a) Er i tråd med fylkeskommunens mål og strategier for distrikts- og regionalpolitikk
- b) Kan sannsynliggjøre distrikts- og regionalpolitisk virkning
- c) Har god kvalitet og hvor søker har god gjennomføringsevne
- d) Tilskuddet har utløsende effekt. Det er ikke tilstrekkelig at tilskuddet medvirker til å opprettholde et tilbud.

Fylkeskommunen og andre forvaltere er ansvarlig for at det fastsettes ytterligere tildelingskriterier i relevant omfang når det etableres konkrete tilskuddsordninger.

## § 9.Hvilke kostnader kan tilskuddet ikke dekke.

Tilskuddet kan ikke dekke:

- a) Drift av næringsvirksomhet eller organisasjoner.
- b) Kausjon eller annen økonomisk garanti
- c) Direkte eller indirekte investeringer i virksomheters egenkapital.
- d) Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekter
- e) Drift av eller investeringer i statlige, fylkeskommunale og kommunale lovpålagte oppgaver utført av fylkeskommunen, kommunen eller andre
- f) Å avsette midler til uspesifiserte fond. Delegerede midler til kommuner og regionråd, eventuelt andre forvaltere regnes ikke som fond.
- g) Politikkforberedende aktiviteter internt hos forvalter eller i regi av forvalter, herunder kjøp av tjenester i samband med utforming av nye tiltak og lovpålagte eller egeninitierte plan- og strategiprosesser.

Bokstav a, b og c gjelder ikke for tilskudd Innovasjon Norge tildeler.

**Klage.**

Klage frå Nordhordland Utviklingselskap IKS.

«Klage på avslag på søknad om tilskot til YOU-messa i Nordhordland 2016

Me viser til dykkar avslag på søknad nr. 2016 – 0220. Me ynskjer hermed å bruka retten til å klaga på avslaget.

Me er kjent med at Hordaland fylkeskommune gjev eit årleg tilskot andre yrkesmesser i Hordaland, t.d. Yrkeslabyrinten utdanningsmesse. I lys av dette stiller me oss undrande til avslaget på søknaden

vår, det bør vera eit mål at aktørar i fylket som arbeider med same formål vert handsama ut frå like og gitte kriterier, og har dei same rammebetingelser.

Yrkes- og utdanningsmessa for Nordhordland er eit arrangement for sju av våre kommunar.

- Alle 10.klassingar dvs. ca. 550 elevar frå 20 ungdomsskular har obligatorisk frammøte på messa, i tillegg er det mange 9. klassingar som er innom
- Dei siste 3 åra har me i tillegg hatt fokus på at elevar frå Knarvik VGS og Austrheim VGS også besøker messa, dette særleg med fokus på å skaffa seg ein læreplass!
- Fordi messa er på kveldstid, kjem også mange foreldre, noko me meiner er svært viktig!
- Totalt er det omlag 2000 personar innom messa fordelt på besøkande elever, foreldre og på dei som jobbar på elev- og yrkesstandane

I år er det 65 stands frå vidaregåande skular, kommunar, verksemdar og ulike opplæringskontor. Dette er me svært nøgd med, ikkje minst ut frå dei vanskelege tidene enkelte bransjar opplever no.

YOU-messa i Nordhordland får kjempegod tilbakemelding frå alle kantar, og me ser på messa som svært viktig for ungdommen i overgangen mellom grunnskule – vidaregåande – læretid / lærling – arbeid / vaksenliv.

Imidlertid har ei slik messa kostnader, i år er det budsjettert med utgifter på kr 232 000. Me er derfor avhengig av støtte. I tider då næringslivet slit tenkjer me at det er desto viktigare at det offentlege trør til. Dette gjer kommunane i Nordhordland, og me håpar at Hordaland fylkeskommune både som næringsaktør og skuleeigar kan gjera det same.

Me håpar derfor at Hordaland fylkeskommune vurderer søknaden på nytt med håp om positivt resultat.»

### **Fylkesdirektør regional utvikling si vurdering.**

«Den 1 desember 2016 fekk Hordaland fylkeskommune klage på avslag på søknad om tilskot til YOU-messa i Nordhordland 2016. Klagar legg til grunn at Hordaland fylkeskommune gjer stønad til andre yrkesmesser t.d. Yrkeslabyrinten utdanningsmesse. Klagar meiner det bør vere eit mål at aktørar i fylket som arbeider med same formål har dei same rammevilkåra.

Yrkeslabyrinten vert arrangert årleg av bransjeorganisasjonar og opplæringskontor. Yrkeslabyrinten får stønad frå Opplæringsavdelinga. I tillegg til utdanningsmessa Yrkeslabyrinten vert det arrangert 6 regionale utdanningsmesser i Hordaland (Hardanger, Os, Nordhordland, Kvinnherad, Sotra og Sunnhordland).

I 2015 søkte Os og Nordhordland om stønad til utdanningsmesser og fekk stønad over 551.60 midlane. 551.60 midlane – «tilskudd til fylkeskommuner for regional utvikling» er underlagt «Forskrift for distrikts og regionalpolitiske virkemidler». Midlane vert tildelt Hordaland fylkeskommune frå Kommunal og Moderniserings departementet. Søknadar vert lagt inn i regionalforvalting.no. Det er seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling som handsamer innkomne søknader for Hordaland fylkeskommune.

Hausten 2015 gjekk Seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling gjennom «Forskrift for distrikts og regionalpolitiske virkemidler» for å vurdere om det var rom for å fortsette praksisen med å gje stønad til regionale utdanningsmesser. Formålet med 551.60 midlane er å stimulere til gode utviklingsprosjekt og næringsretta utviklingstiltak i Hordaland. Midlane skal bidra til utvikling og ikkje til drift av oppgåver. Basert på § 7 d) «Tilskuddet har utløsende effekt. Det er ikke tilstrekkelig at tilskuddet medvirker til å opprettholde et tilbud.», og § 9 a) «Tilskuddet skal ikke dekke: Drift av næringsvirksomhet eller organisasjoner» i «Forskrift for distrikts og regionalpolitiske virkemidler», konkluderte Seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling med at praksisen med å gje stønad til

regional utdanningsmesser skulle avsluttast, med mindre dei inngår i eit prosjekt som er av utviklande karakter.

Den 4.november 2016 søkte Nordhordland utviklingsselskap IKS om 40 000kr for å gjennomføre YOU-messa i Nordhordland som er ei utdanningsmesse. Det var 14.gong at messa vart arrangert. Søknaden om YOU-messa i Nordhordland 2016 vart avslått. Avslag på søknaden blei sendt til søker 14.11.2016.

Konklusjon - Seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling opprettheld vedtaket og etterkommer ikkje klagen.»

### **Fylkesrådmannen si vurdering.**

Hausten 2015 gjekk Hordaland fylkeskommune v/Seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling gjennom «Forskrift for distrikts og regionalpolitiske virkemidler» for å vurdere om det var rom for å fortsette praksisen med å gje stønad til regionale utdanningsmesser. Formålet med 551.60 midlane er å stimulere til gode utviklingsprosjekt og næringsretta utviklingstiltak i Hordaland. Midlane skal bidra til utvikling og ikkje til drift av oppgåver. Ut frå ei vurdering av formålet med lova av dei kriterium som er fastsette i denne vart det avgjort at praksisen med å gje stønad til regional utdanningsmesser skulle avsluttast, med mindre dei inngår i eit prosjekt som er av utviklande karakter.

Desse endringane vart då lagt til grunn for tildelingane i 2016.

Fylkesrådmannen er einig i dei vurderingane som er gjort i høve tildeling av midlar etter «Forskrift for distrikts og regionalpolitiske virkemidler» og dei endringane som er gjort i høve prioriteringar kva som kan komma inn under ordninga. Sidan det her er gjort endringar i høve tildelingskriterium vil det ikkje vera av betydning kva som har fått støtte tidlegare.

Ut frå dei nye kriterium som no gjeld er det klart at Nordhordland Utviklingsselskap IKS sin søknad om tilskot til YOU-messa i Nordhordland 2016 fell utanfor desse.

På bakgrunn av det ovanfornemnde finn fylkesrådmannen å rå til at klage frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS på avslag på søknad om tilskot til YOU-messa i Nordhordland 2016 ikkje vert teken til følge.